

## Munnspelsamling og årsmøte i Tradisjonsmunnspill 2019.

Samlinga vart halde på Vauldalen Fjellhotell ved Røros i tida 3. – 5. mai med Jorid og Ole Peder Skott Svendsen som fantastisk vertskap.

Kurset som var lagt opp i regi av organisasjonen Tradisjonsmunnspill starta opp fredag kveld 3. mai med 29 elevar og 3 instruktørar. Oddleiv Humlestøl tok seg av dei som var heilt ferske som munnspelutøvarar medan resten av elevane fordelte seg likeleg på dei som hadde spelt litt før og dei som var meir øvde. Einar Eimhjellen tok seg av dei som hadde spelt litt før medan John Erik Hammarberg instruerte dei vidarekomne.



*Jorid og Ole Peder Skott Svendsen er vertskap på Vauldalen Fjellhotell.*


### Gruppebilde av kursdeltakarane



### Munnspelkurs 2019/Namneliste foto.

1 John Erik Hammarberg, Västerås, 2 Jan Ditmar Kars, Klæbu, 3 Bjørn Tore Moen, Heimdal, 4 Ottar Kverneng, Røros, 5 Bjørg Sundt, Røros, 6 Jan Lars Haugom, Brekkebygd, 7 Gretha Wenche Nygård Stakston, Sørfron, 8 Arild Rønningen, Vinstra, 9 Knut Stakstorn, Sør-Fron, 10 Per Midtstigen, Stange, 11 Steinar Skurdal, Sør-Fron, 12 Olav K. Ufs, Ringeby, 13 Ragnvald Isehaug, Stranda, 14 Berit Bøysen, Trondheim, 15 Jan Krogstad, Trondheim, 16 Einar Eimhjellen, Naustdal, 17 Kjell Martin Rønning, Valldal, 18 Nils Røv, Trondheim, 19 Boel Henckel, Karlstad,

20 Monica Kull, Karlstad, 21 Dag Andersen, Bodø, 22 Roar Selboe, Tynset, 23 Tommy Nytoft, Trondheim, 24 Per Otto Wiggen, Trondheim, 25 Per Kristian Langlie, Førde, 26 Knut Romestrand, Tresfjord, 27 Svein Arne Mæhlum, Bybrua, 28 Solfrid Carlsen, Svelgen, 29 Magnus Sundt Sivertsvold, Røro, 30 Stian Trønnes, Røros, 31 Inge Torstenson, Oslo, 32 Oddleiv Arne Humlestøl, Knarrevik




### Kursinnhald

Melodiane som blei brukt i undervisninga var lagt ut på heimesida til Tradisjonsmunnspeil på førehand slik at elevane var kjende med dei då dei kom. All undervisning var gehørbasert utan hjelp av notar. Dei som var heilt ferske på instrumentet fekk lære visemelodien "GaleTruls" medan dei andre la vekt på tre melodiar frå Rørostraktene: Direktørvalsen, Reinlendar etter Sulhusgubben og I bryllaupsgarden som er ein pols. Dei mest øvde deltakarane fekk også lære 2 svenske melodiar fStyret i rå grensetraktene: Polska frå Alsen og Vals frå Offerdal. Det var også undervist i å basse (kompe) ved hjelp av tunga.



*Solfrid Carlsen, Svein Arne Mæhlum og Ragnvald Isehaug i ein pause i undervisninga.*

*Inge Godtland som representerte Brekken Spell og Danselag fortalde om folkemusikktradisjonane i Rørostraktene.*



*Jan Krogstad orienterte om stell og vedlikehald av munnspel. Her kontrllerar han at tonen i munnspelet til Arild Rønningen er riktig.*



### **Festkveld med munnspelkonsert.**

Laurdagskvelden var det open fest med ein times munnspelkonsert av kursdeltakarar og instruktørar. Brekken Spell og Danselag arrangerte festen og stod for dansemusikken.

### **Årsmøte i Tradisjonsmunnspeil.**



Styret i Tradisjonsmunnspeil frå v. Oddleiv Humlestøl (kasserar), Jan Krogstad (ny leiar), Dag Andersen (nettansvarlig) og Per Midtstigen (nestleiar). Stein Villa var ikkje tilstades.

Samlinga vart avslutta med årsmøte i Tradisjonsmunnspeil der Jan Krogstad blei vald til ny leiar etter Einar Eimhjellen som bad om avløyning etter tre år som leiar.